



Høyringsnotat lokal forskrift for kommunalt tilskot til private barnehagar 2027

1. Samandrag
2. Bakgrunn og formål
3. Rettsleg grunnlag (heimlar)
4. Berekningsgrunnlag og metode (KS/PBL-berekningsmodell)
5. Forslag til satsar (grunntilskot)
6. Spørsmål Voss herad ynskjer belyst i høyringa
7. Korleis innspel vil verta handsama

1. Samandrag

Stortinget har vedteke endringar i barnehagelova, og Kunnskapsdepartementet har fastsett ny forskrift om finansiering av private barnehagar, gjeldande frå 1. januar 2027. Etter barnehagelova og finansieringsforskrifta skal Voss herad no fastsetja lokal forskrift om grunntilskot til private ordinære barnehagar.

Voss herad har berekna føreslegne tilskotssatsar i samsvar med ny forskrift. Satsane er berekna ved bruk av berekningsmodellen til KS/PBL, og byggjer på heradet sine rekneskapstal, og føresetnadane i regelverket.

Voss herad føreslår følgjande satsar for kommunalt grunntilskot for 2027:

Grunntilskot for barn under tre år:	kr. 303 735,-
Grunntilskot for barn over tre år:	kr. 160 535,-

Forslaget vert sendt på høyring før endeleg fastsetjing av lokal forskrift. Heradet ynskjer særleg innspel på om berekningsgrunnlag og avgrensingar er skildra tydeleg nok til å kunna etterprøvast, og om det er oppdaga feil eller manglar i berekningsgrunnlaget.

2. Bakgrunn og formål

Formålet med forskrifta er å fastsetja satsar som skal nyttast ved berekning av tilskot til private barnehagar i Voss herad tilskotsåret 2027.

3. Rettsleg grunnlag (heimlar)

Voss herad si plikt til å fastsetja satsar i lokal forskrift føl av finansieringsforskrifta § 1. Høyringa vert gjennomført etter forvaltningslova § 37. Forskrifta må oppfylle formkrav og kunngjeringskrav etter forvaltningslova § 38.

4. Berekningsgrunnlag og metode (KS/PBL-berekningsmodell)

Voss herad har nytta KS og PBL sin berekningsmodell som grunnlag for berekning av satsar og dokumentasjon. Utskrift frå modellen som viser føresetnadar, korrigererte rekneskapspostar og utrekna satsar per heiltidsplass, ligg ved.



Grunntilskot

Grunntilskotet er berekna på grunnlag av gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter per heiltidsplass i tilsvarande kommunale ordinære barnehagar, fråtrekt administrasjonsutgifter, foreldrebetaling, pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift på pensjonsutgifter. Grunnlaget for utrekninga for 2027 er kommunen sitt rekneskap for 2025 og barnetalet i årsmeldingane frå dei kommunale barnehagane for 2024 og 2025 (BASIL).

5. Føreslåtte satsar for grunntilskot per heiltidsplass

Kategori	0–2 år	3–6 år
Ordinære barnehagar	Kr. 303 735,-	Kr. 160 535,-

6. Spørsmål heradet ynskjer belyst i høyringa

Voss herad ynskjer særleg innspel på:

- Er berekningsgrunnlaget og avgrensingar beskrive tydeleg nok til å kunna etterprøvast?
- Er det oppdaga feil i heradet sitt berekningsgrunnlag?

7. Korleis innspel vil verta handsama

Alle innspel vil verta systematisert og vurdert i innspelsmatrise utarbeidd av KS og PBL.

8. Høyringsfrist

Høyringsinnspel må vera motteke av Voss herad innan 03.november 2026. Innspel kan sendast til: postmottak@voss.herad.no